

Å lese vanskelege ord-brua

Under har vi lista opp dei vanlegaste utfordringane elevar har i møte med tekst. Det kan vere lurt å lese gjennom lista før de arbeider med ein ny tekst. At lærar først eksplisitt viser og modellerer for så å late eleven trene på det som er vanskeleg, gir ofte gode resultat. Det er viktig at elevane får denne treninga i arbeid med interessante tekstar der lesing og skrivning blir brukt til noko meningsfylt.

Dette er tiltak som passar like godt ein-til-ein som i rettleidd lesing, tekstarbeid i klassen og i lesing i ulike fag. Vel gjerne ut eitt eller to av punkta under, og modeller eksplisitt kvar gong de jobbar med ein tekst i heil klasse. Hugs at dette kan vere svært korte økter.

- **Dobbel konsonant:** Vis, forklar og gjer elevane bevisste på at dobbel konsonant berre betyr at lyden framfor skal vere kort. Lat elevane få lese enkle ordpar med og utan dobbel konsonant (bil – bille, sus – suss, rote – rotte, fin – finn) Tips: bruk ordpara til å lage memory-spel.
- **Stumme bokstavar:** Lat eleven lese ordet slik det blir sagt i vanleg tale. Kva for ord som har stumme bokstavar, varierer i ulike dialekter. Forklar elevane at «t» eller «d» til slutt i ord ofte ikkje gir lyd (det, hund, sand og så vidare) Her oppmodar vi lærarane til å gjere lokale tilpassingar til øvingar på slike ord, slik at dei vert relevante for elevane.
- **Diftongar (ei, au, øy, ai, oi, ai):** Forklar og vis elevane at når dei møter desse diftongane, skal dei ikkje lesast bokstav for bokstav, men som *ein* lyd. Lat elevane møte ord som «auge», «øyre», «høyre» og «køyre», og bruk dei i meningsfulle samanhengar, skriftleg og munnleg.
- **Ord med -ng-lyd:** I mange dialekter vert -ng-lyden uttala mjukt, medan lyden vert uttala med tydeleg -g-lyd i andre dialekter. Særleg gjeld dette i ein del område der elevane skriv nynorsk. Vi oppmodar læraren om å gjere lokale tilpassingar for meningsfulle øvingar.
- **Spørjeord:** På bokmål kan hv-lyden vere vanskeleg å lese, medan på nynorsk startar mange spørjeord på k eller kv (korleis, kva, kven, kvifor). Nokre elevar har behov for mengdetrening i desse orda. Nokre av spørjeorda skil seg frå dialektuttalen, og det er derfor nyttig at læraren modellerer, og at elevane får skrive spørsmål til kvarandre.
- **Ord som begynner på skj, kj eller sj**
- **Ord som begynner med tre konsonantar som str, skr**
Desse orda kan vere nyttige å stoppe opp og snakke om og øve på.
- **E har nokre gonger lyden /æ/ (dette er også dialektavhengig):**
 - Det står /der/ men vi seier /dær/
 - Det står /her/ men vi seier /hær/

Fleire tips for å styrke ordlesinga til elevane:

- **Eg, deg, meg.** Det er mange dialekter som uttalar personleg pronomen annleis enn slik vi skriv, både om vi skriv bokmål og nynorsk.
- Når /o/ og /i/ står saman, seier vi /åj/
- Ord som «det» og «som» treng elevane å øve på ofte. Slike ord er ofte enkle å lære om elevane får skrive orda i setningar.
- Studer gjerne bokstavmønster i ord (likar, hinkar) Kva er likt med slike mønster?
- Å samanlikne ord som er nesten like (is – fis, lam – lama, sel – esel) kan fremje ordgjenkjenning og vise at det er viktig å lese nøyaktig.
- Skriv opp ord som begynner med hj-, og øv på å lese dei (hjerne, hjelp). Forklar elevane at /hj/ i starten av ord alltid blir uttala /j/.
- Snakk saman om korte ord som ofte blir sette saman til lange ord (ispinne, brunost, lastebil).